

Bø mållag

Årsmelding 2014

Årsmøtet for 2013 var på Bø prestegard 12. februar 2014. Det var 12 medlemmer med røysterett til stades.

Styret har vore samansett slik:

Leiar:	Margit Ims (2014)
Nestleiar:	Annette Myhre Hansen (2013 og 2014)
Kasserar:	Dag Hallvard Østtveit (2013 og 2014)
Skrivar:	Kari Rast Monge (2014 og 2015)
Styremedlem:	Aase Marie Ulberg (2014 og 2015)
Vara:	Bjørn Seljebotn (2014)
Vara:	Marit Folkestadås Tveit (2014)

Laget har hatt åtte styremøte i 2014. Laget hadde 68 medlemmar ved årsskiftet, ein nedgang på åtte.

- **Norsk Barneblad.** Alle 5.-klassingar i Bø får årsabonnement.
- **Møte om språk og identitet i framtidens Midt-Telemark.** Saman med Nes mållag arrangerte me temamøte etter årsmøtet. Redaktør i Bø blad, Hilde Eika Nesje, nestleiar i Noregs Mållag, Sigbjørn Hjelmbrække og Mikkel Aanderaa frå Nes mållag møtte til samtale.
- **Politisk arbeid.** Innspel frå Bø mållag blei vedtatt i handlingsplanen til Bø kommune. Bø kommune har her sett seg mål om å styrke kompetansen i nynorsk.
- **Deltaking på årsmøtet til Telemark Mållag.** Aase Marie Ulberg var på årsmøtet til Telemark Mållag i Seljord 15. mars.
- **Deltaking på landsmøtet til Noregs Mållag.** Margit Ims og Bjørn Seljebotn deltok på landsmøtet i Noregs Mållag på Gardermoen 4.-6. april.
- **Nynorsk skrivekonkurranse.** Bø mållag arrangerte skrivekonkurranse for ungdomsskuleelevar. Ekstern jury vurderte bidraga, og vinnarane blei kåra på jubileumsmarkering for Grunnlova i Gullbring. Samarbeidet med skulen var godt.
- **Bokbeite.** Våren 2014 var det fire Bokbeite-samlingar med høgtlesing av nynorsk barnelitteratur på Bø bibliotek. I mai var lesestunda knytt til litteraturfestivalen Bøker i Bø, og me fekk besøk av forfattaren Erna Osland.
- **Informasjonsskriv til foreldre.** I samband med innskriving av førsteklasingar har me delt ut informasjonsskriv som motiverer foreldre til å velje nynorsk opplæringsmål. Bjørn Seljebotn deltok på møte med foreldre ved Bø skule.
- **Møte med Bø kommune.** Margit Ims møtte for Bø mållag saman med Sigbjørn Hjelmbrække for Telemark mållag og Ingar Arnøy, skulemållagsskrivar i Noregs Mållag, til møte om nynorsk i Bø med ansvarlege for skule og oppvekst i kommunen. Positivt møte som burde fått betre oppfølging.
- **17. mai.** Mållaget hadde representant i 17. mai-komitéen.
- **Målblomen til Sparebanken DIN.** Sparebanken DIN fekk målblome i oktober 2014 for nynorsk marknadsføring og utvikling av nynorske banktenester digitalt.
- **Nynorske annonsar.** Bø mållag har ståande tilbod om hjelp til næringsdrivande som ønskjer å annonsere på nynorsk.
- **Salsverksemd.** Bøgradestokken frå 2007 er framleis ei god inntektskjelde for laget. Mållaget stilte på Bø torg på marknadsdagen i mai og arrangerte kultursti for ungar der. Mållaget selte julehefte på julemessa på Bø museum. Fire ivrige ungar har òg selt julehefte.
- **Anna møteverksemd.** Bø mållag har møtt med representant i Bø kulturnettverk og på planlegging av jubileumsmarkering for Grunnlova.

Styret for Bø mållag, januar 2015

Årsmøtesaker

Opning av årsmøtet.
Godkjenning av sakliste og innkalling.
Val av ordstyrar og skrivar.
Godkjenning av årsmelding for 2014.
Lokallagskontingent for 2016.
Godkjenning av rekneskap for 2014
og budsjett for 2015.
Val etter vedtektene ved valnemnda.
Val av utsendingar til årsmøtet i
Telemark Mållag
Drøfting av lagsarbeid i 2015.

Lett servering.

Velkomne!



Bø mållag

Innkalling til årsmøte

Måndag 9. februar 2015
kl. 19.00 på Bø prestegard



På julemessa hadde Bø mållag folk til stades og rekordstort sal!